

## **REFERAT FRÅ ÅRSMØTE I VALLDAL BYGDEKVINNELAG FOR ÅRET 2021.**

kl. 18.30 tysdag 9.november 2021. 17 møtte.

Leiar Solveig Linge Stakkestad ynskte velkomen, og vi starta opp med "Samlesong" av Marta Schumann. Solveig las eit dikt av Inger Hagerup og dei etiske køyrereglane til NBK.

### **ÅRSMØTESAKER**

#### **Konstituering**

- Sak 1 Innkalling og sakliste – godkjende utan merknad.
- Sak 2 Møteleiar – framlegg om Mette N. Valdøl – samrøystes vald.
- Sak 3 Skrivar – framlegg om Sunneva Linge – samrøystes vald.
- Sak 4 To til å skrive under møteboka – framlegg om Eva Muribø og Judith Krogh – samrøystes valde.

#### **Sak 5 Årsmelding inkludert undergruppene ved Solveig Linge Stakkestad**

Årsmeldinga godkjend med to merknader.: Syng med oss var halde to gonger.  
Kurs i beskjering hos Signe 12. mars.

#### **Sak 6 Rekneskap ved Nelly Ytterli**

Inntekt kr. 86413,67. Utgifter kr. 76238,31.Samla sum i banken kr.221765,40  
Sansehagen har kr.4166,90 på konto,  
Rekneskapen var godkjend av revisorane utan merknad.  
Rekneskapen godkjend av årsmøtet utan merknad.

#### **Sak 7 Arbeidsplan 2022 ved Bjørg Kleppe**

Blir sett opp etter idemyldring hos medlemene.  
VBK blir 90 år 10. mars 2022. det må markerast.

#### **Sak 8 Framlegg om lokallagskontigent**

Lokallagskontigent blir framleis kr 0. Samrøystes godkjend.

#### **Sak 9 Saker frå valnemnda/ medlemene**

Ingen framlegg.

#### **Sak 10**

##### **VAL**

##### **Framlegg frå valnemnda ved Signe Brenna**

<b>Styre</b>	Solveig Linge Stakkestad leiar	2021 – 2022 attval
	Nelly Ytterli	2020 – 2022 ikkje på val.
	Mette Marie Døving	2020– 2022 ikkje på val
	Bjørg Sætren Kleppe	2021 – 2023 attval
	Mette Natland Valdøl	2021 - 2023 ny
<b>1. vara</b>	Sunneva Linge	2021 – 2022 attval
<b>2.vara</b>	Anne Nygård	2021 - 2022 ny
<b>3.vara</b>	Eva Bergdal Muribø	2021 – 2022 attval
<b>4.vara</b>	Petra Jemtegård	2021 – 2022 ny

**Kaffegruppe:**

Vigdis D. Mork, Liv Eldri Båtnes, May Berli, Aase Opskar 2021 - 2022

**Tur og aktivitetsgruppe:**

Ein frå styret, Petra Jemtegård, Gerd Myren Hoel 2021 -2022

**Heimeside:** Judith Krogh 2021- 2022

**Sansehagen:** Judith Krogh, Else Rødal 2021- 2022

**"Syng med oss":** Astrid Bakke Andersen (vara Vigdis Judith) 2021 - 2022

**Nyføddgåve:** Randi Hole Heggen, 2021 - 2022

**Revisorar:** Kristin V. Hjelme, Randi Hole Heggen 2021 - 2022

**Valnemnd:** Signe Brenna 2019 - 2022  
Gerd Myren Hoel 2020 - 2023  
May Berli 2021 - 2024

**Framlegg om godtgjersle frå valnemnda**

Leiar og kasserar kr 3000

Nestleiar og sekretær kr 2000

Styremedlemer kr 1000

Dette for å dekke litt utgifter til arbeid, telefon, data osv.

Kafegruppa: kr 500 for kvart medlem for å dekke utgifter til kakebakst.

Møtande medlemer og varamedlemer kr. 100 for kvart møte.

Styret kom med litt endra framlegg.

Etter litt diskusjon vart vedtaket slik med 9 mot 1 røyst:

**Leiar og kasserar kr 3000**

**Nestleiar kr 2000**

**skrivar, styremedlemer kr 1000**

**Heimesideansvarleg kr 1000**

**Kafegruppeleiar kr 1000**

**Orientering om å spandere eit måltid mat som takk for medlemsinnsats i staden for småsummar til oppmøte eller kakebakst .**

**MAT kl. 19.30**

Så var det buffet. Åse Erstad hadde sett fram brødmatt med mykje godt pålegg til. Alt smakte svært godt. Laget sponsa kr 100. Medlemer betalte kr 150. -----

Nelly helste frå distriktstyret og las eit skriv frå leiar Liv Borghild Hildre.

Ho orienterte også litt om adventskalenderen.

Björg orienterte om vertinner/ møteansvarleg som vi startar med. Sjå vedlegg.

Judith viste bilde frå aktivitetar i laget. Det var koseleg å sjå og minnst.

Judith og Magne og Åse og Kåre vart takka med blomster,

Det vart åresal og til slutt trekning av mange fine gevinstar.

Sunneva Linge skrivar